

## **Referat frå møte med regionalt nivå i høve høyring av arealdel av kommuneplan Meland kommune**

**Tid: 30.09.14**

**Kl. 11.00 - 15.00**

**Stad: Meland rådhus**

**Til stades**

Torgeir Flo, Grethe Jacobsen og Kari Elster Moen, Hans Christian Engum, Niels Torger Granum, Anny Bastesen, Alexander Helle, Marius Flemmen, Nils Marton Aadland, Laila Bjørge og Kristin Nåmdal

### **Bakgrunn for saka**

Møte vart halde for å drøfte ulike problemstillinger i høve kommuneplanens arealdel for Meland kommune som er ute på høyring. Det var også halde synfaring på Langeland, Rossland og Mjåtveit.

### **Tema til drøfting**

Ordførar innleia møtet med å orientere om arealplanen og prosessen.

Det vart understreka kor viktig det er å ha dialog på tvers av fagområde og forvaltningsnivå i denne fasen av planarbeidet, slik får vi ein best mulig plan og ein enklare og raskare planprosess. Meland kommune ynskjer å vere aktivt med i den vidare drøftinga på regionalt nivå, mange av problemstillingane kan ryddast vekk før ein kjem med motsegn. Dette er og i tråd med «Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan og bygningsloven» rundskriv H-2/14.

Vidare gjekk vi inn på tema som regionalt nivå hadde peika på dei ville drøfte /synfare.

### ***Innspel til drøfting frå fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.***

#### **Naust, havn og båt:**

- Avklaring: Småbåthavn eller småbåtanlegg? Evt naust med anlegg? Bør avklarast i føreseger.
- Flytebrygger. Bør avklara storleik i føresegner
- Naust med tilhøyrande landbrukseigendom. Her vart det peika på ein burde sjå på føresegnene og knytte dette opp mot jordlova, der det er relevant.
- Rossland: NA\_11, naustområde, dette området burde opnast opp, slik at ein sikrar tilkomst til sjøen i området (eit nes vest i område 11 vert brukt som døme)
- Burde føresegnene sagt noko om bodareal på land som alternativ til naust i strandsona?

Det vart frå regionalt nivå teke opp spørsmål om det er lagt for mykje areal for naust og småbåthamner i planen. Meland kommune orienterte om korleis dette arbeidet er gjort, og at det ikkje er forslått nye områder for naust. I kartet er det teikna inn naust for å syne at dette faktisk er det reelle arealformålet. Det er ikkje opna for mange nye naust i områda. Dei områda der ein i størst grad åpnar for bygging (Husebø og Espetvedt) er ikkje nye, men vidareført frå gammal plan. Av naustområder som er lagt inn som nye i planen er åtte lagt inn utan rom for nybygging, og der det er nybygging er det i hovudsak snakk om fortetting, unntaksvis utviding. Meland er ein øykommune med spreidd naustbebyggelse og vi ynskjer å halde på den strukturen også som ein bærar av kulturmiljø og identitetspreg i kystkommunen.

Arealformålet småbåthamn med betegnelsen SM er brukt i vatn på alle områder både for småbåthamn, fellesanlegg og flytebyggjer. Berre SM\_3 og 4 i Midtmarka og SM\_14 og SM\_15 på lo er anlegg av noko storleik. Elles er det snakk om areal for fellesanlegg og flytebyggjer. Kommunen skal sjå på ei betre merking av desse.

#### **Fritidsbustader:**

- Burde yttergrensa for hytteområda vore strekt i forhold til funksjonell strandsone?
- Er det vurdert hytteområde som ikkje ligg knytt til sjø?

I høve til spørsmålet som vart drøfte med fritidsbustader knytt til sjø, så er det vurdert. Arealstrategien vår seier at det kan leggjast til rette for fritidsbustader nord på øya. Det å leggje fritidsbustader i større omfang inne på øya ville fort kome i konflikt med kjerneområde landbruk eller forvaltningplan for Rylandsvassdraget.

#### **Flatøy:**

- Fylkeskommunen: KU for området N\_2 burde belysa konsekvensane for friluftsområde Håøya tydelegare.
- Er det avsett nok areal til ny kollektivterminal på Flatøy?

#### **LNF spreidd bustad:**

- Burde SB\_9 Rossland vera avsett til areal for bustadsområde?
- Fylkeskommunen ynskjer omsynssone kulturminne for SE og SB\_11 på lo
- Føresegnene i høve LNF spreidd kunne vore meir detaljerte, mellomanna bør det inn at ein ikkje kan laga tilkomstveggar over dyrka mark.
- Vi drøfta Kjerneområde landbruk og bruk av omsynsoner. Dette er i dag eit temakart. Då Meland kommune gjorde si kartlegging av kjerneområde landbruk, tok vi også med kulturlandskap og økonomisk drivverdig skog. Det å bruke omsynsoner på så mange områder ville gjere kartet svært vanskeleg å lese.

#### **Næring:**

- Ein bør ha ein tydeleg strategi for kontorarbeidsplassar. Dette bør koma inn i føresegnene. N\_13 og 14 vert trekke fram som døme. Fylkeskommunen er positive til denne type næring i aksen Frekhaug-Knarvik
- Landsvik: Burde næring på Landsvik, vore merka som omsynssone for å gjera planen tydelegare? Rekkefølgekav i høve Sambandet vest må inn i føresegnene.
- N\_3 og B\_9 Mjåtveit kunne kanskje vore vurdert på ny, kan vere konflikfylt å blande næring og bustad. Utviding av arealformål næring på andre sida av Rosslandvegen kan vere eit alternativ.

**Bustad:**

- Korleis sikra eit variert bustadstilbod for alle typar menneskje og livsfasar? Fylkesmannen peika på flyktingar som ei gruppe det bør planleggast bustader for.